# VEDTEKTER FOR SUNNMØRSK KLATREKLUBB

*Handsama, og sist endra av årsmøtet 2026*

**§ 1 Namn**

Klubben sitt namn er: *Sunnmørsk Klatreklubb* (SKK) og vart stifta i 1974.

**§ 2 Formål**

Sunnmørsk Klatreklubb skal:

• Fremje kontakt mellom klatrar på Sunnmøre

• Halde i hevd klatring som friluftsliv etter sunnmørsk tradisjon, med særleg vekt på å ta vare på den særeigne sunnmørske naturen og å etterlate så få spor som mogeleg. For retningslinjer om bolting og tilkomst i regionen, sjå Sunnmørsk Klattreklubb sitt dokument om bolting for retningslinjer knytt til dette.

• Arbeide for trivsel og sikrare ferdsel i fjellet

• Fremje klatreglede og interesse for klatring

**§ 3 Organisasjon**

SKK er sjølveigande og frittståande.

**§4 Medlemmer**

A) Som medlem i SKK reknast alle som har betalt medlemsavgift.

B) SKK kan utnevne æresmedlemmer. Forslag om æresmedlemskap kan fremjast av alle medlemmer i Sunnmørsk klatreklubb. Innkomne forslag blir vurdert og vedteke av styret eller ein komite nedsett av styret. Frist for å sende inn forslag til æresmedlemskap er 31. desember. Utnevning skjer på årsmøtet året etter.

Kriterie for å få tildelt æresmedlemskap: Personar som gjennom mange år har gjort ein ekstraordinær innsats for Sunnmørsk klatreklubb og klatremiljøet på Sunnmøre.

Privilegium: Æresmedlemmer betalar kr 0,- i årleg medlemskap livet ut. Æresmedlemmer har heidersplass ved jubileum og andre sosiale arrangement.

**§ 5 Røysterett og valbarheit**

Alle som har vore medlem av klubben i minst ein månad, har betalt medlemskontigent for inneverande år, og har fylt 15 år, har røysterett. Familiemedlemskap har éi (1) røyst per frammøtte familiemedlem over 15 år. Medlemer under 15 år har likevel møte- og framleggsrett.

Medlemer med røysterett er også valbare til klubben sitt styre eller andre verv.

Ein medlem som er arbeids- eller oppdragstakar i SKK har ikkje røysterett og er ikkje valbar. Ruteskruarar, vakter, trenarar, instruktørar og andre som mottek bagatellmessig kompensasjon, arbeider nokre få timar i veka og ikkje har aktiviteten som sitt hovudvirke er likevel valbare og har røysterett.

**§ 6 Eksklusjon**

Styret kan med grunngjeving ekskludere medlemer. Ekskludert medlem kan anke vedtaket inn til årsmøtet, som avgjer anken med absolutt fleirtal.

**§ 7 Styret sin samansetnad**

Styremedlemen er vald inn for ein periode på to år. Leiar og nestleiar skal veljast blant styremedlemene. Styreleiar skal veljast for eitt år om gongen.

Styret sin samansetnad skal ha minst 3 styremedlemer av kvart kjønn. Transkjønna skal veljast inn som det kjønnet dei identifiserer seg med. Det

skal vere éin kvinneleg og éin mannleg vararepresentant. Varaene skal veljast inn som 1. og som 2. vara annakvart år.

Styret i SKK er samansett av 7 styremedlemer og 2 varamedlemer.

**§8 Kontingent og treningsavgift**

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet.

Treningsavgiftene vert fastsette av styret.

**§9 Representasjon**

Årsmøtet pålegg styret å nemne opp representantar til ting, råd og andre organisasjonar som klubben er medlem av.

**§10 Årsmøte**

Årsmøtet er Sunnmørsk Klatreklubb sitt høgste styringsorgan, og skal haldast kvart år i løpet av 1. kvartal.

Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand, direkte til medlemene, eventuelt også på annan forsvarleg måte på idrettslaget si internettside. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på internett eller på annan forsvarleg måte. Forslag som skal handsamast på årsmøtet må vere sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag må vere tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.

**§11 Årsmøtet sine oppgåver**

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane
2. Velje dirigent, referent og 2 medlemer til å skrive under protokollen
3. Handsame SKK si årsmelding, og handsame rekneskapen i revidert stand
4. Handsame forslag og saker
5. Fastsetje medlemskontingent
6. Gjere følgjande val:

a) Leiar
b) Minimum 4 styremedlemer eller vara med heimel § 7

c) Valkomité
d) Kontrollkomité

**§12 Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte i SKK skal haldast når styret eller minst 1/3 av medlemene skriftleg krev det.

**§ 13 Sunnmørsk Klatreklubb sitt styre**

SKK vert leia og forplikta av eit styre, som er klubben sitt øvste mynde mellom årsmøta.

Årsmøtet vel styrets leiar for eitt år om gongen blant styrets medlemer.

Styret tilset driftskoordinator som også fungerer som styrets sekretær. Det skal førast protokoll frå styremøta. Styret utarbeider instruks for valkomiteen som skal vedtakast av årsmøtet.
Styret held møter så ofte styreleiar finn det naudsynt, eller om minst tre styremedlemer krev det.

Styret er vedtaksfør når eit fleirtal av styrets medlemer er til stades. Vedtak i styret vert fatta med fleirtal av dei avlagde røystene. Ved likt røystetal tel styreleiar (sekundært møteleiar) si røyst dobbelt.

Styret skal:

a) Setje i verk årsmøtet
b) Sjå til at SKK sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøtet. Styret skal vidare sjå til at SKK har tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har forsvarleg økonomistyring.
c) Etter behov oppnemne komitéar/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse.

**§14 Valkomité**

Valkomiteen skal overfor årsmøtet foreslå kandidatar til verva som styremedlemer, styreleiar, varamedlemer og ev. revisor. Valkomiteen skal bestå av ein leiar og to medlemer som alle vert valde av årsmøtet for eitt år om gongen.

Valkomiteens kandidatforslag til årsmøtet skal gjerast tilgjengeleg for medlemene saman med dei andre årsmøtedokumenta. Valkomiteen skal sikre

brei kompetanse i styret, og sjå til at styret har ei samansetnad som tek i vare på breidda av medlemsmassen, SKK sitt formål og SKK sine strategiske mål.

Valkomiteen sin leiar skal før første møte be styrets leiar om ei evaluering av styrets kompetansebehov framover og om ei evaluering av korleis dei enkelte styremedlemene fungerer. Dette slik at komiteen har eit godt grunnlag for vidare arbeid. Valkomiteen bør jobbe for at styrets kontinuitet vert sikra samtidig som nye krefter får kome til. SKK sitt styre har ansvar for å kalle saman valkomiteen minst 2 månader før neste årsmøte.

## §15 Kontrollkomité

Kontrollkomiteen skal følgje instruksen vedteken av årsmøtet. Årsmøtet vel 2 medlemer til kontrollkomité for eitt år om gongen.

## § 16 Vedtektsendring

Endringar i denne lova kan berre bli vedtekne av ordinært eller ekstraordinært årsmøte i SKK etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 3/4 fleirtal av dei gjevne røystene.

## § 17 Oppløysing

Forslag om oppløysing av SKK må først handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteken med minst 2/3 fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysing skal skje, må vedtaket også her gjerast med 3/4 fleirtal. Midlar og eigedelar fordelast til mottakarar etter simpelt vedtak i årsmøtet.

## § 18 Signatur

Styreleiar saman med ein styremedlem har signaturrett.

Driftskoordinator har signaturrett.